



Distribusjonsliste

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/381 - 17/6697

Saksbehandlar:
Nora Gjerde
nora.gjerde@lindas.kommune.no

Dato:
28.02.2017

Høring - Vedtekter for kommunale barnehagar

Levekårsutvalet gjorde 21.februar 2017 vedtak om å senda vedtekter for kommunale barnehagar ut på høring.

Vedtekter for kommunale barnehagar ligg til offentleg ettersyn i tida 28.02.2017 – 11.04.2017 på rådhuset i Knarvik og på kommunen si heimeside.

Merknader må sendast Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø, eller postmottak@lindas.kommune.no og merkast med sak 17/381, innan 11.04.2017.

Med helsing
Nora Gjerde
administrasjonssekretær

Dokumentet er signert elektronisk.

Andre mottakarar:

Distribusjonsliste



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
012/17	Levekårsutvalet	PS	21.02.2017

Saksbehandlar	ArkivsakID
Astrid Namtvedt Sylta	17/381

Høyring - Vedtekter for kommunale barnehagar

Vedlegg :

Vedtekter 2013Vedtekter for kommunale barnehagar 2017

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Levekårsutvalet legg dei kommunale barnehagevedtektene ut på offentleg høyring i 6 veker.

.....

Levekårsutvalet - 012/17

LE - behandling:

Orientering til saka v/kommunalsjef Kristin Moe

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke

LE - vedtak:

Levekårsutvalet legg dei kommunale barnehagevedtektene ut på offentleg høyring i 6 veker.

Saksopplysningar:

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Levekårsutvalet

Bakgrunn

I samband med endringar i Barnehagelova er det behov for å gjere nokre endringar i dei kommunale barnehagevedtektene i Lindås. Dette for å sikre at vedtektene er i tråd med overordna regelverk. Det er også behov for å gjere nokre endringar / tilføyingar i samband med endra rutinar på barnehagefeltet i Lindås. Rådmannen vil kort skissere dei endringane som er føreslegne i dei kommunale vedtektene. Desse er:

- Endringane i punkt 5 er knytt til § 12 a i Barnehagelova og *retten til plass*. Barn fødte i september og oktober har rett på barnehageplass frå det året dei fyller eitt år. I tillegg kjem det truleg ei endring i løpet av våren. Stortinget har føreslege at barn fødte i november skal få *rett til plass* det året dei fyller eitt år. Dette vert mest sannsynleg vedteke våren 2017 og vil krevje ei ny vedtektsendring.
- Endringane i punkt 6 er knytt til endra rutinar i Lindås . *Dersom du allereie har barnehageplass i ein kommunal barnehage i Lindås, men søker ny plass i anna barnehage i Lindås, og takkar JA til den nye plassen, vert den gamle plassen automatisk sagt opp*. Årsaka til denne formuleringa er at ein ønskjer flyt i opptaket, og ingen skal kunne halde på fleire plassar over tid.

Retten til å kunne søkje permisjon er også tatt vekk. I praksis vert det ikkje gjeve permisjon, og dette kan difor opplevast som misvisande.

- Endringane i punkt 7 er knytt til endringar i Barnehagelova § 12 a og retten til barnehageplass. Det vert og lagt inn ei presisering som gjev styrar rom for å gjere ei fagleg skjønnsvurdering i opptaket. Dette er gjort for å sikre stabilitet og god kvalitet i barnegruppa.

Det er også lagt inn reglar for suppleringsopptaket. Tidlegare låg desse i Barnehageplan 2012 – 2015, men vert no lagt inn i dei kommunale vedtektene.

- Endringa i punkt 8 er at setninga *manglande betaling kan føre til at ein misser barnehageplassen*, er tatt bort. Årsaka til at denne endringa er at barn har *rett* på barnehageplass. Ordningar knytt til foreldrebetaling vert tatt hand om av økonomiavdelinga i kommunen.
- Endring i punkt 9 er ei presisering om at den 4.ferieveka kan delast opp som 5 virkedagar.
- Endringa i punkt 17 er knytt til mogelege endringar i Barnehagelova som vil føre til vedtektsendring. Desse endringane kan gjerast administrativt og meldast til kommunestyret. Eit døme her vil vere endringa om at barn fødte i november truleg vil få rett til barnehageplass.

Vurdering

I Barnehagelova § 7 Barnehageeierens ansvar står det mellom anna:
Barnehageeieren skal fastsette barnehagens vedtekter. Vedtektene skal gi opplysninger som er av betydning for foreldrenes / de foresattes forhold til barnehagen, herunder eierforhold, formål, jf §§ 1 og 1 a, opptakskriterier, antall medlemmer i samarbeidsutvalget, barnehagens åpningstid.

Tydelege og gode vedtekter er viktig både for foreldre / føresette og tilsette. Vedtekten er på mange måtar «kontrakten» foreldre / føresette gjer med barnehagen når dei tar mot barnehageplass. Vedtektene vert sendt ut saman med tilbuds brevet. Det er såleis viktig at vedtektene til ei kvar tid er i tråd med regelverk og gjeldande praksis. Kontrakten mellom heim og barnehage bør ikkje gje rom for tvil.

Dei kommunale barnehagevedtektene er eit styringsdokument for dei tilsette i barnehagesektoren i Lindås. Dei er politisk vedtekne av arbeidsgjevar, kommunestyret. Vedtektene skal mellom anna sikre at dei kommunale barnehagane i Lindås vert drivne i tråd med Barnehagelova. Dei skal og sikre likehandsaming av barna i Lindås ved mellom anna å ha tydelege reglar for opptak. Tydelege vedtekter vil vere eit godt arbeidsdokument for tilsette i barnehagesektoren i Lindås.

.....